

Faste heiltid- og deltidsstillingar i Samnanger kommune

Totalt årsverk i kommunen pr. 31.08.22	185,71	
Heiltidsstillingar (100 %)	126,02	67,86 %
Deltidsstillingar (1-99,9 %)	59,69	32,14 %

Det er 235 faste tilsette i kommunen pr. 31.08.2022. Av desse er 142 heiltidsstillingar.

Heiltidsstillingar i årsverk		126,02	Deltidsstillingar i årsverk		59,69
Fast stilling*	Lønna stilling**		Fast stilling*	Lønna stilling**	
126,02	123,03		59,69	58,19	

*Fast stilling – den stillingsprosenten som tilsette eig og er fast tilsett i.

**Lønna stilling – den stillingsprosenten som tilsette arbeidar i og får lønn for.

97,63 % av tilsette med fast heiltidsstilling, jobbar i sin fulle stilling. Resterande 2,37 % jobbar redusert, det vil sei har permisjon eller redusert arbeidstid.

Oversikt fordelt på sektor og eining/avdeling

Økonomi og organisasjon (inkl. rådmann og rådgjevar)

– 18,59 årsverk fordelt på 27 tilsette

Heiltidsstillingar i årsverk		13	Deltidsstillingar i årsverk		5,59
Fast stilling*	Lønna stilling**		Fast stilling*	Lønna stilling**	
13	13		5,59	5,59	

69,93 % av tilsette i sektoren økonomi og organisasjon har fast heiltidsstilling.

Avdeling	Heiltid – årsverk	Deltid - årsverk	Prosent heiltid
Rådmann og rådgjevar	2	-	100 %
Juridiske tenester	1	-	100 %
Økonomikontor	2	0,4	83,33 %
HR-avdeling	3	-	100 %
Tillitsvalt (HTV)	-	0,81	0 %
Servicesenteret	4	-	100 %
Eining for kultur	1	1,77	36,10 %
Kulturskulen	-	2,61	0 %

Antal deltidstilsette er høgast i eining for kultur, og då spesielt på kulturskulen. Det er 6 lærarar ved kulturskulen, pluss rektor. Lærarane har ei stillingsprosent mellom 10 og 53,16 %, rektor har 82 % stilling. Kulturskulen er for liten til at det er mogleg å ha heiltidsstillingar.

Samfunnsutvikling

- 21,21 årsverk fordelt på 23 tilsette*

Heiltidsstillingar i årsverk		18	Deltidsstillingar i årsverk		3,21
Fast stilling*	Lønna stilling**		Fast stilling*	Lønna stilling**	
18	18		3,21	3,21	

*deltidsbrannmannskap er ikkje med i antal tilsette eller i årsverk.

84,87 % av tilsette i sektoren samfunnsutvikling har fast heiltidsstilling.

Avdeling	Heiltid – årsverk	Deltid - årsverk	Prosent heiltid
Samfunnsutvikling	1	-	100 %
Forvaltning	4	-	100 %
Teknisk drift	7	0,8	89,74 %
Reinhold	6	2,21	73,08 %
Konsulent brann	-	0,2	0 %

Antal deltidstilsette er høgast i avdeling for reinhold, av 9 tilsette er det 3 med deltidsstilling, lågaste stillingsprosent er 47,5 %.

Oppvekst

– 71,21 årsverk fordelt på 79 tilsette

Heiltidsstillingar i årsverk		55,77	Deltidsstillingar i årsverk		16
Fast stilling*	Lønna stilling**		Fast stilling*	Lønna stilling**	
55,77	53,25		15,44	14,72	

78,32 % av tilsette i sektoren oppvekst har fast heiltidsstilling.

Avdeling	Heiltid – årsverk	Deltid - årsverk	Prosent heiltid
Oppvekst	1	0,5	66,67 %
Ungdomsskulen	12	3,14	79,26 %
Barneskulen (inkl. SFO)	22	5,79	79,17 %
Dråpeslottet bhg.	10	3,8	72,46 %
Vassloppa bhg.	11	2	84,62 %

Antal deltidsstillingar er høgast på barneskulen og det er hovudsakleg knytt til SFO. Det er assistenter og fagarbeidarar som ikkje har fulle stillingar.

Assistent og fagarbeidrar i skulane kan ikkje ha høgare stillingsprosent enn 89 %, dette er grunna komprimert år. Så ein 89 % stilling for ein assistent/fagarbeidrar er å rekne som ei heiltidsstilling. Desse stillingane er rekna inn som heiltid i denne oversikta. Det er 11 assistent/fagareidarstillinger på skulane, og av desse er det 5 som har 89 % og dermed rekna som ei heiltidsstilling. Dei resterande 6 stillingane har stillingsprosent mellom 40,03 og 82,24 %.

Merk – for skuleåret 2022/2023 er det ei prøveordning på barneskulen der ein skal ha ope SFO i skuleferiane. Assistentar og fagarbeidrarar med 89 % fast stilling har fått ei mellombels stilling på 11 % for å arbeide i feriane. Det vil sei at tre assistentar/fagarbeidrarar på barneskulen har 100 % stilling dette skuleåret.

Helse og omsorg

– 75,35 årsverk fordelt på 110 tilsette

Heiltidsstillingar i årsverk		38,17
Fast stilling*	Lønna stilling**	
38,17	36,66	

Deltidsstillingar i årsverk		37,18
Fast stilling*	Lønna stilling**	
37,18	36,04	

50,66 % av tilsette i sektoren helse og omsorg har fast heiltidsstilling.

Avdeling	Heiltid – årsverk	Deltid - årsverk	Prosent heiltid
Helse og omsorg	1	-	100 %
Samnangerheimen	10	16,6	37,59 %
Heimetenesta	12	7,76	60,73 %
Bufellesskapet	4	7,5	34,78 %
Psykatri	-	1,82	0 %
Helse	3	3	50 %
Livsmeistring	1	-	100 %
Barnevern	1	-	100 %
NAV	3	0,5	85,71 %
PPT	2	-	100 %

Det er mange deltidsstillingar i pleie og omsorg, og det er nødvendig med deltidsstillingar for å få turnusen til å gå opp. Ein er mellom anna avhengig av helgestillingar i turnusen og ein helgestilling er mellom 12,7 til 20,77 %. I pleie og omsorg er det 32 helgestillingar fordelt på Samnangerheimen (20), heimetenesta (6) og bufellesskapet (6).

Nattevaktstillingar kan av helsemessige årsaker ikkje vera heiltidsstillingar. Bedriftshelsetenesta anbefalar stillingsstørrelse på natt til 70-75 %. Det er 11 nattevaktstillingar i pleie og omsorg, desse varierer i stillingsstørrelse frå 20,89 til 83,14 %.

Pleie og omsorg har årsturnus med ønsketturnus der alle deltidstilsette får tilbod om å auka stillinga si ved opprettning av ny turnus. Det er ikkje kjent at det er ufrivilleg deltid i pleie og omsorg.

Det vil ikkje vera mogleg å kun ha heiltidsstillingar i kommunen, det er heller ikkje satt noko mål for kor stor andel heiltidsstillingar som er ønska. Det har vore gjort vedtak om stillingsauke i enkeltsaker eller i budsjettsamanheng for å kunne tilby fleire heiltidsstillingar.

I Hovudtariffavtalen kapittel 1, § 2.3 står det at det som hovudregel skal tilsettast i heiltidsstilling, dette er kjent ute i einingane og leiarane tilbyr faste heiltidsstillingar i så stor grad som mogleg. Ved utlysing av ei ledig deltidsstilling blir det i forkant gjort ei vurdering kring moglegheita for å auka stillinga, denne vurderinga blir gjort i samråd med tillitsvalt. I desse møta blir deltidstilsette sin fortrinnsrett til utvida stilling også drøfta, jf. arbeidsmiljølova § 14-3.

Det har tidlegare år vore ei utfordring at fleire tilsette i heiltidsstilling har gått i redusert stilling, jf. arbeidsmiljølova § 10-2 (4). Dei siste åra har ein stramma noko inn på dette og det viser seg no at det er eit fåtal tilsette som går i redusert stilling.

Jf. arbeidsmiljølova § 14-1 a skal arbeidsgjevar drøfte bruken av deltidsstillingar med dei tillitsvalte minst ein gong i året. Dette har ikkje blitt praktisert på overordna nivå i kommunen, men einingsleiarane har tema oppe i samarbeidsmøter med tillitsvalte.

Det er for tida ikkje kjent at det er ufrivilleg deltid i Samnanger kommune.